



Festidalen er eit fantastisk arrangement som treng mange frivillige.

Første helga i august er det klart for Festidalen. Dette er såleis den helga som meir enn noko set Uskedalen på kartet! Bjørn Olav Tveit i Festidalen-leiinga seier at dei treng frivillige til å gjere ein innsats på alle område, men i dag henvender han seg spesielt til dei som ønskjer å hjelpe til, men som kan tenkja seg oppgåver i litt rolegare omgjevnader utanfor sjølve festivaljorden.

- Vi treng det vi kan kalla bygdavakter, seier han, og med det meiner han personar plassert i bygda som kan rettleie besøkjande. Som døme på det nemner han at nokon vert plassert ved vegen opp til Halsane for å informere om at den vegen ikkje skal brukast opp til festivalområdet. Nokre vert plassert ved Zjakk ved vegen opp til Skårhaug, med same oppgåve der. Andre vert t.d. stasjonert ved Kvinnherad Vekst og ved Skulebruo for å informere om vegen til festivalområdet.

Underteikna hadde ei slik oppgåve laurdagen i fjor og kan skrive under på at det er ei svært så triveleg oppgåve. Ein kjem i kontakt med mykje kjekke folk som alle er positive i den gode Festidalen-stemninga! Dette er også ei oppgåve som passar midt i blinken for godt vaksne som ønskjer å bidra til det flotte arrangementet, men som ikkje har noko ønske om å vere oppe på sjølve festivalområdet.



[Festidalen har tilbud til alle aldersgrupper.](#)

Om ein i tillegg ønskjer å oppleve stemningen oppe på Dønhaug, kan ein gjere det den andre dagen. - Dei som er frivillige, får Festidalen t-skjorte, og dersom dei hjelper til som frivillig ein dag, får dei gratis inngongspass den andre dagen, seier Bjørn Olav Tveit samstundes som han understrekar at gratis-passet naturleg nok er knytta til person, og ikkje kan brukast av andre.

Han håpar på positiv respons, og håpar mange melder seg. Det kan dei gjera til han på mobil 472 36 187, eller dei kan gå inn på Festidalen si heimeside og melde seg via frivilligkjema der. <http://www.festidalen.no/frivillig/>. Då bør dei merka det med bygdavakt.

Dette skjema vert også brukt om ein ønskjer å bidra på andre måtar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen.